

Tilskot til læremiddel/pedagogisk barnehagemateriell for språklege minoritetar

Generell informasjon, prioritering for utlysinga i 2024 og søknadsskjema.

TILSKUDDSORDNING | SIST ENDRET: 09.01.2024

Læremiddel/pedagogisk barnehagemateriell for språklege minoritetar er eit av fire område innanfor tilskotsordning for utvikling av læremiddel på område utan marknadsgrunnlag. Formelle krav, lov-/forskriftskrav og annan generell informasjon finn du i utlysinga av ordninga.

Prioritering for område heng saman med dei andre områda i ordninga:

- Smale fagområde
- Særskilt tilrettelagde læremiddel/pedagogisk barnehagemateriell
- Parallele utgivingar

Generell informasjon om læremiddel/pedagogisk barnehagemateriell for språklege minoritetar

Ordninga gjeld for innvandra minoritetsspråk. Du kan søke om tilskot til å produsere læremiddel/pedagogisk barnehagemateriell tilpassa gjeldande læreplanverk eller rammeplan for barnehagen.

Fleirspråklege barn og unge er ei heterogen gruppe med ulik kulturell og språkleg bakgrunn. Vi prioriterer prosjekt som støtter opp om og bygger på det språklege og kulturelle mangfaldet.

For pedagogisk barnehagemateriell og læremiddel for yngre elevar vil prosjekt som legg vekt på samhandling og lek bli prioritert.

For læremiddel til språklege minoritetar er det av særleg betydning at læremiddelet:

- støttar tospråkleg fagopplæring
- legg til rette for djupnelæring
- stimulerer til utforsking, kreativitet og problemløysing aleine og saman med andre
- legg til rette for å sjå samanhengar mellom fag

Prioriteringar for 2024

Barnehage

Vi vektlegg, i ikkje-prioritert rekkjefølgje, prosjekt som handlar om:

- Omsetjing av trykte barnebøker for barnehagebarn. Fleirspråklege bøker der både norsk og minoritetsspråket er brukt parallellt, vil bli prioritert.
- Materiell som støttar arbeidet med fagområdet etikk, religion og filosofi i rammeplan for barnehagen.
- Materiell som støttar arbeidet med kulturelt mangfold i fagområdet nærmiljø og samfunn.
- Fleirspråkleg pedagogisk barnehagemateriell som inviterer barn til å vere språkleg aktive. Utvikling av konkretarar som støttemateriell vil også bli vurdert.

Skole

Vi prioriterer prosjekt som gjeld omsetjing og tilpassing av eksisterande læremiddel framfor nyutvikling. Med tilpassing meiner vi til dømes utveljing av sentrale ord, prosesser og omgrep innanfor ulike tema. I ikkje-prioritert rekkjefølgje gjeld desse prioriteringane:

Grunnskole

- læremiddel i naturfag og/eller samfunnsfag for mellomtrinnet.
- læremiddel som støttar arbeid med dei tverrfaglege temaa folkehelse og livsmestring og/eller demokrati og medborgarskap.

Videregående skole

- læremiddel i helseservicefag (HES02-03) eller helsearbeiderfag (HEA02-04)
- læremiddel i fellesfaget samfunnskunnskap (SAK01-01)
- læremiddel i fellesfaget naturfag (NAT01-04)

Vi prioriterer læremiddel/pedagogisk barnehagemateriell som gir støtte på fleire av desse språka: arabisk, tigrinja, somali, kurdisk kurmanji, dari, pashto, tyrkisk, polsk, swahili, russisk og ukrainsk.

Særskilte krav

Digitale komponentar skal ha moglegheit for å leggje til rette for nye språk der ulike alfabet og skriveretningar blir tatt omsyn til. Digitale komponentar skal innehalde brukarretteiingar som skildrar handteringa av ulike alfabet og skriveretningar, og dei skal ligge føre på norsk og dei språka det vert lagt til rette for.

2024: Ny mal for utrekning av tilskot

Utdanningsdirektoratet nyttar satsbasert modell for tilskot som gjeld omsetjing mellom bokmål og nynorsk. Nytt for 2024 er at satsbasert modell også blir brukt for omsetjing til minoritetsspråk.

Ny budsjettmal for læremiddel/pedagogisk barnehagemateriell for språklege minoritetar har to delar:

- tilskot rekna ut etter timeforbruk/ekstern kostnad for nytt innhald eller produkt
- satsbasert tilskot for innhald som skal omsetjast til eit eller fleire språk

I søknadsskjema skal du oppgi om du skal omsetje, eller nyutvikle og omsetje, eller gjere begge delar. Svaret ditt vil avgjere korleis du skal nytte budsjettmalen. Merk at fana som gjeld tilskot rekna ut etter timeforbruk/ekstern kostnad har same oppsett som for andre prosjekt i ordninga.

Om sats for omsetjing

Satsen

- er rekna ut frå listepriiser frå fleire tekstbyrå for omsetjing til andre språk enn norsk og engelsk.
- blir indeksjustert kvart år.
- skil ikkje mellom ulike kategoriar (trykt, e-bok eller digitalt innfødt læremiddel)
- tek høgde for kostnadar som ikkje er direkte knytt til omsetjinga. Samanlikna med listepriiser for omsetjing utgjer den faktiske omsetjingskostnaden om lag 15 prosent av satsen per 1000 teikn med

mellomrom. Kostnader knytt til tilpassing, som til eksempel utveljing av sentrale ord, prosesser og omgrep, er dekt av satsen.

Om prosjektet ditt får støtte, skal du ved sluttrapportering dokumentere at det er samsvar mellom kor mange teikn med mellomrom som er oppgitt i det innleverte budsjettet og i rekneskapet.

Revisor skal vurdere *enten*:

- teikn med mellomrom som er oppgitt i bilag(a) frå omsetjingsfirma

eller

- teikn med mellomrom i det ferdige produktet (der omsetjing er gjort internt).

Om du skal dokumentere teikn med mellomrom, kan du nytte ulike døme på dokumentasjon (pdf)

Søknadsskjema

Søknadsskjema for pedagogisk barnehagemateriell

Søknadsskjema for læremidler

Frist: 15. mars 2024

Dersom du har spørsmål om tilskot til læremiddel/pedagogisk barnehagemateriell for språklege minoritetar, ta kontakt med laremiddel@udir.no.